

KONFIRMANTJUBILEUM

Tida går! Me veit ikkje om du har tenkt på at i år er det 50 år sidan du vart konfirmert? Det skjedde 16. juni 1974. No innbyr me til samling for 50-årskonfirmantar **søndag 12. mai 2024**.



Først er det gudsteneste i kyrkja på Adland kl. 11.00. På den gudstenesta vert jubileet markert og jubilarane brukar å verta kalla fram på kortrinnet i samla flokk. Elles er det ei vanleg gudsteneste. Etter gudstenesta vert det fotografering av jubilarane.

Så vert det ei fest-samkome i kyrkja på Hlaga med mat, litt underhaldning og mykje god prat. Maten vert levert frå Bjørkheim Kro. Det vert viltkjøt-gryte og brus/vatn til middag, og kaffi og kaker etterpå. Har du matallergiar el. likn., gje beskjed når du melder deg på, slik at me kan ta omsyn til det.

Me håpar du kan koma og ynskjer vel møtt!

Vår erfaring er at det er fleire langveisfarande som melder seg på, og vert skuffa når ikkje dei som bur i bygda møter opp. Har du høve - så kom. Kanskje det er nokon som vert ekstra glad for å sjå igjen nett deg!

Grunna maten vil me gjerne ha **påmelding innan 5. mai** til kyrkjekontoret på E-post: post@samnangersokn.no, tlf. 56 58 90 10 eller SMS: 477 97 165.

Maten vil kosta 400 kr. Pengane kan betalast inn på førehand på kontonummer: 3562 50 22043 eller Vipps: 11 21 48 Bruk «konsertar og arrangement» (husk å merka med 50-årskonf og namn!) Du kan også betala kontant på festen.


PS. Me vil be deg tenkja over om du har noko å bidra med til festen: Eit minne frå konfirmanttida du kan dela, ein song du vil de skal syngja, eller eit bilde frå den tida. Bildet treng ikkje vera frå konfirmant-undervisninga, men t.d. frå skuleklasse eller venegjeng med personar frå dette konfirmant-kullet. For foto har me framsynar slik at me kan få dei på veggen på storskjerm. Det enklaste er om de sender bilde til kontoret eller kjem innom med dei, så kan me scanna og leggja dei inn på maskina på førehand. Utan bilde frå dykk - inga framsyning...

Hugsar du kva salmar de måtte pugga på den tida? Gje oss eit tips så kan me kanskje bruka dei i gudstenesta.

Beste helsing oss på kyrkjekontoret

KONFIRMANTJUBILEUM

Tida går! Me veit ikkje om du har tenkt på at i år er det 50 år sidan du vart konfirmert? Det skjedde 16. juni 1974. No innbyr me til samling for 50-årskonfirmantar **søndag 12. mai 2024**.



Først er det gudsteneste i kyrkja på Adland kl. 11.00. På den gudstenesta vert jubileet markert og jubilarane brukar å verta kalla fram på kortrinnet i samla flokk. Elles er det ei vanleg gudsteneste. Etter gudstenesta vert det fotografering av jubilarane.

Så vert det ei fest-samkome i kyrkja på Hlaga med mat, litt underhaldning og mykje god prat. Maten vert levert frå Bjørkheim Kro. Det vert viltkjøt-gryte og brus/vatn til middag, og kaffi og kaker etterpå. Har du matallergiar el. likn., gje beskjed når du melder deg på, slik at me kan ta omsyn til det.

Me håpar du kan koma og ynskjer vel møtt!

Vår erfaring er at det er fleire langveisfarande som melder seg på, og vert skuffa når ikkje dei som bur i bygda møter opp. Har du høve – så kom. Kanskje det er nokon som vert ekstra glad for å sjå igjen nett deg!

Grunna maten vil me gjerne ha **påmelding innan 5. mai** til kyrkjekontoret på E-post: post@samnangersokn.no, tlf. 56 58 90 10 eller SMS: 477 97 165.

Maten vil kosta 400 kr. Pengane kan betalast inn på førehand på kontonummer: 3562 50 22043 eller Vipps: 11 21 48 Bruk «konsertar og arrangement» (husk å merka med 50-årskonf og namn!) Du kan også betala kontant på festen.

PS. Me vil be deg tenkja over om du har noko å bidra med til festen: Eit minne frå konfirmanttida du kan dela, ein song du vil de skal syngja, eller eit bilde frå den tida. Bildet treng ikkje vera frå konfirmant-undervisninga, men t.d. frå skuleklasse eller venegjeng med personar frå dette konfirmant-kullet. For foto har me framsynar slik at me kan få dei på veggen på storskjerm. Det enklaste er om de sender bilde til kontoret eller kjem innom med dei, så kan me scanna og leggja dei inn på maskina på førehand. Utan bilde frå dykk – inga framsyning...

Hugsar du kva salmar de måtte pugga på den tida? Gje oss eit tips så kan me kanskje bruka dei i gudstenesta.

Beste helsing oss på kyrkjekontoret